

HYRDINGEN



Nr. 1

Februar 2022

ÅRGANG 64

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen

Familiespeiding Skjold og Vikebygd.

Sjå s. 12

Bladpengar

Giro inne i bladet

Presten har ordet	s. 2	Minneord for Anne Lise	s. 8	Familiespeiding	s. 12
Redaksjonspennen	s. 3	Ny trusopplærar tilsett	s. 8	Behov for fosterheimar	s. 12
Min song	s. 3	Diakoni og pandemi	s. 9	Betalingsfritak trusoppl.	s. 13
NMS Basar i Vikedal	s. 4	Bispevisitas i Vindafjord	s. 10	Gudstenestelista	s. 14
Eintveitkverna opna	s. 5	Då lo eg	s. 10	Frå kyrkjeboka	s. 14
Trusopplæring våren 22	s. 6	Aftenbøn	s. 11	Møte og arrangement	s. 15
Barnas side / oppgaver	s. 7	Fasteaksjonen	s. 11	Skjold speidarar i 50 år	s. 16



HYRDINGEN:

Ansvarleg: Steinar Skartland
Tlf. 908 73 170

E-post: redaksjonen@hyrdingen.no
Bladpengar/gåver til Hyrdingen
på konto: 3240.11.17937 og
Vipps-nr. 53 14 72
Adr. Skjold kyrkje
Kleivavegen 2, 5574 Skjold
Layout/trykk: Omega 365 Design

SOKNEPRESTANE:

Mandag er prestane sin fridag

Soknepresten i Ølen

Kari Vik Stuhaug
Rådhusplassen 1, 5580 Ølen
Tlf 53 65 65 41 / 472 53 529

kari.vik.stuhaug@vindafjord.kommune.no
Kontortid: Etter avtale

Soknepresten i Skjold

Vikarprest Sigfred Sørensen
Skjold kyrkje, Kleivavegen 2, 5574 Skjold
Tlf. 4889 0359

sigfred.sorensen@outlook.com
Kontortid: Etter avtale.

Soknepresten i Vikedal

Tsegayesus Hurisa Hunde
Vikedal kyrkjekontor
Kyrkjevegen 11, Pb. 40, 5586 Vikedal
Tlf. 970 38 011

tsegayesus.hurisa.hunde@vindafjord.kommune.no
Kontortid: tysdag–fredag, 9–15

Kateket Britt Karstensen

Tlf 53 65 65 42 / 45 22 15 80
britt.karstensen@vindafjord.kommune.no

Organistar:

Juri Kotkovitch: 416 46 183
Nelly Kotkovitch: 948 23 044

Haugaland prosti:

Pb. 612, 5501 Haugesund
Tlf 52 80 95 00
Prost Rune Steensnæs Engedal
Mobil 918 34 019

Kyrkjeverja i Vindafjord:


Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje
Tlf. 53 65 57 93
inghart.lasse.tveit@vindafjord.kommune.no
Kontorass. Tove Standal Vaka
Tlf. 53 65 57 96

Soknerådsleiarar:

Skjold og Vikebygd: Sunniva Tveit Gregersen
Ølen og Bjoa: Signe Britt Vik
Sandeid: Ragnvald Stople
Vikedal: Andreas Andreassen
Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim
Vats: Elisabeth Stople Gregersen

Presten har ordet

Av vikarprest i Skjold, Vats og Vikebygd,
Sigfred Sørensen



Grasrotrørsla

Luk. 13, 18-21

I januar 1982 kom eg som ung prest saman med familien min til bygdene i Skjold og Vats som vikarprest i eitt år. 40 år seinare kjem eg tilbake som pensjonist for ein ny, kortare periode. Og eg undrar meg: Korleis arbeider Gud her hos oss i dag? Kva har skjedd i Guds rike på desse åra? Kva vil han bruka kyrkjelydane våre til nå?

Under mi teneste som misjonær på Madagaskar, kom eg ein gong til ein landsby som hadde fått ein ny, blomstrande kyrkjelyd. På spørsmål om korleis dette hadde gått til, svara ein av leiarane: «For nokre år sidan kom det ein kristen familie og slo seg ned i landsbyen vår. Ettersom vi verken hadde kyrkje eller kyrkjelyd, samla denne familien seg kvar sundag under eit tre utanfor huset, las frå Bibelen og song.

Det er tett mellom husa her, så vi kunne ikkje unngå å høyra songen og bibelsogene, og nokre stilte seg i utkanten og følgde med. Smått om senn blei forsamlinga større, og i dag har vi en kyrkjelyd med fleire døypte, og nye kjem stadig til».

Det starta i det små: En familie under et tre. Slik er det alltid i Guds rike. Jesus illustrerer dette gjennom 2 daglegdagse hendingar: Eit lite frø som blir planta, en surdeig som hevar seg.

Den kristne kyrkja startar ikkje med flotte bygningar, men med ein åndsfull bodskap forkynt av ein fattig, omstreifande predikant med 12 enkle læresveinar frå eit undertrykt

folk. Ordet har vekstkraft i seg, men vi ser også i vårt bispedøme at det ikkje er overalt det veks like godt. Jordsmonnet må kultiverast og stellast med omsut, slik at frøet som blir sådd, kan veksa.

Det startar alltid i det små, som ei grasrotrørsla. Noko av det løfterike som skjer i våre kyrkjelydar i dag, er trusopplæringsarbeidet. Aldri før har så mange barn og unge fått eit planmessig møte med kyrkja si tru og lære. Mange piler peikar diverre nedover, men dette gir grunn til optimisme og frimod!

Den andre illustrasjonen Jesus bruker, er surdeigen. Surdeigsbaking tar lang tid, men har du først fått ein god surdeig, kan han brukast i mange år. Det er ikkje lett å baka med surdeig, men løna er godt bakverk. Dette seier Opplysningskontoret for brød og korn, men det er ein like god forklaring på det som skjer i Guds rike. Vår kristne tru er ein surdeig som påverkar heile livet vårt, og som vi ikkje kan la liggja ubrukt. **Surdeigen må brukast, elles vil han døy!**

Kyrkja si historie handlar om eit under som framleis skjer, også hos oss, også i vår tid! Vi ser det ikkje alltid, men ein dag skal det bli openberra! Difor ser eg med glede fram mot teneste i bygdene i Vindafjord!

«Vi ventar etter smertens vår din nådes sommar.
Og sorg og glede blir til vekst med frukt vi ikkje sjølv kan sjå».
(Svein Ellingsen)

Vikar for soknepresten

Kyrkjelydane i Skjold, Vats og Vikebygd har denne våren fått vikar for soknepresten. Kristian Kyllingstad har teke på seg å vikariera for prostipresten i 60% stilling, men skal ha ansvaret for konfirmandarbeidet her i sokna. Difor vil det vera Sigfred Sørensen som fram til sommaren vikarierer som sokneprest i Skjold, Vats og Vikebygd. Han presenterer seg også litt sjølv under «presten har ordet».

Redaksjons- PENNEN

Av Steinar Skartland

Frivillighetens år 2022

«Frivillighetens år» er forankra i regjeringa si Frivillighetsmelding. «Frivillighet Norge» har fått ansvaret for å planleggja og koordinera innsatsen. Gjennom 2022 vil det bli sett fokus på alt det flotte arbeidet som frivillige gjer i samfunnet vårt.

Den norske Kyrkja og organisasjonane er mellom dei beste på frivilligheit. Derfor vil også kyrkja bruka Frivilligheitas år til å synleggjera dette og få mange fleire med på å gjera ein innsats for andre.

I kyrkja er det om lag 10 gonger så mange frivillige som tilsette, seier Kristin Gunleiksrud Raaum, leiar i Kirkerådet.

Ei kyrkje utan frivillige er utenkeleg. Den norske kyrkja er ei folkekyrkje med meir enn 3,6 millionar medlemmer. Den har eit stort potensial til å kunna utgjera ein forskjell i alle lokalsamfunn i landet.

I Vindafjord er det mange frivillige som gjer ein fantastisk jobb, utan betaling, for barn og unge, for eldre, ja for folk i alle aldrar.

Takk for innsatsen og det du er med på i bygda di.

Kyrkjebladet

Informasjon frå kyrkje og sokneråda om det flotte arbeidet som vert utført av tilsette og frivillige for alle i kommunen vår, står i Hyrdingen. Bladet vert sendt ut gratis til alle. Vi som lagar bladet er også «frivillige, men finansieringa av trykk og porto er heilt avhengig av at mange nok av lesarane støttar bladet ved å betala «frivillige bladpengar». Underskot i 2021 kan føre til at vi må redusere til 4 nummer i 2022.

Vi vonar du som mottek bladet vil nytta giroen eller VIPPS til eit lite beløp og dermed vera med på sikra at kyrkjebladet kan koma ut. Du kan velja beløpet sjølv, stort eller lite.

Bruk:
Bank: 3240.11.17937
Vipps-nr. 53 14 72

Min song

Av Tone Staurland



Tone Staurland frå Imsland.
Bur i Vikedal og jobbar som lærar ved Vikedal skule.
Mamma til Isak 10 år, Theodor 16 år og Thea Karin 20 år.

Denne songen er ein enkel, men veldig fin song som har fulgt meg frå eg var ei lita jente. Eg tenkjer at i dag, når mange går med mykje frykt i seg og føler seg einsame, er sjuke eller i isolasjon, er denne songen fin å ha med seg. Både for vaksne og barn.

Eg hadde mange englebilette på rommet mitt som lita og ein fin engel som sat på kne og ba som hang i vinduet. Me fekk og mange ulike og fine englebilette på søndagsskulen. Englar har alltid oppteke meg og fasinert meg. Å tenkje på dei og sjå på dei gjorde meg trygg. Eg hugsar og at eg ba englane om hjelp fleire gonger og følte at eg fekk den hjelpa eg trong. Det gjer eg og nå som vaksen. I ein periode i livet der eg hadde det vanskeleg og var sjuk, var eg så heldig å få fleire fine opplevingar med englar. Det går ikkje ann

å beskrive med ord. Desse opplevingane er hellige for meg. I jula pyntar eg med masse englar som for meg symboliserer glede, ro og fred.

Jeg har en engel som følger meg

Jeg har en engel som følger meg hver dag

Om jeg sitter eller står om jeg ligger eller går

Jeg har en engel som følger meg.

Jeg er trygg både dag og natt.

Jeg er trygg både dag og natt

En engel går ved min side

Og jeg er trygg både dag og natt

Jeg har en engel, som følger meg

Kilde: Musixmatch
Låtskrivere: Lennart Sjöholm

Jeg Har En Engel Som Følger Meg

Jarle Waldemar

Jeg har en engel som følger meg

Jeg har en engel som følger meg hver dag

Om jeg sitter eller står

Om jeg ligger eller går

Jeg har en engel som følger meg

BLADPENGER - Di støtte til Hyrdingen

Trykk og utsending av Hyrdingen er finansiert med "bladpenger" Økonomien i fjor enda på minus, derfor spør vi: Vil du hjelpa oss med å gje ut kyrkjebladet til alle heimar i Vindafjord? For bladpenger og di støtte, stor eller lita, så kan du bruka: **VIPPS-nr. 531472 eller bankkonto: 3240.11.17937** Eller giroen inne i bladet.

NMS Basar i Vikedal

Tekst/foto: Tone Andreassen



Godt oppmøte på NMS-basaren.



Trekninga står Herdis Pedersen og Bjarne Hjelvik for.



Anne Marie Reimers fortel om kallet og livet som misjonær på Madagaskar.

Mange fann vegen til Vikedal Bedehus laurdag 13. november, der den årlege NMS-basaren blei arrangert.

Anne Marie Reimers ønskte velkommen og salmen «Navnet Jesus blekner aldri» vart sunge til akkompagnement av Andreas Rosså.

Prest Bjarne Hjelvik intervjuar deretter Anne Marie om kallet ho fekk og om livet som misjonær på Madagaskar i nær 50 år. Ennå har ho skulen i Manakara som ho nå driv saman med ei stifting. På denne skulen får 300 born undervisning og eit måltid mat kvar dag. Fantastisk!

Så var det tid for loddsal, kaker og kaffi og god drøs ved borda. Trekninga stod Herdis Pedersen og Bjarne Hjelvik for. Totalt kom det inn kroner 14 300, og mange gjekk heim med fine gevinstar. Takk til alle som tok lodd og støtta NMS sitt arbeid.

Ein stor dag for Harald Eintveit

Tekst/foto: Trygve Sandvik

Laurdag 4. desember var ein spesiell dag for den tidlegare soknepresten i Vikedal, Sandeid og Imsland, Harald Eintveit, og mange andre. Då vart den restaurerte Eintveitkverna offisielt opna.

Som pensjonert sokneprest frå nyttår 2019 såg Harald Eintveit for seg at han ville få litt rolegare dagar framover. Då han litt ut på nyåret kom over ei annonse frå Kulturminnefondet der ein vart oppmoda til å søkja om tilskot til vern av gamle kulturminne, tenkte han straks på det gamle falleferdige kvernhuset på garden sin ved Eintveittjørna. Han ville gjerne vera med på å verne dette for ettertida. Harald Eintveit søkte om tilskot til restaurering av kvernhuset, og fekk tilsegn om 100 000 i tilskot. Saman med eit par andre tilskot hadde han startkapital, og sette i gong med restaureringa. Nå var det klart for opning og feiring av den nyrestaurerte kverna.

Bortimot 50 personar hadde funne vegen til markeringa. Det var to båtar som stod for transporten over Åkrafjorden. Men for prosjektleiareren og hovudpersonen, Harald Eintveit, hadde livet endra seg totalt. Han hadde sommaren 2021 fått påvist sjukdomen ALS, ein sjeldan nervesjukdom der nervecellene i ryggmergen og hjernen vart svekka og vart borte. Dette hadde medført gradvis lammelse og muskelsvinn slik at han for tida var rullestolbrukar og avhengig av hjelp til det meste. Men Harald var fast bestemt på at han ville få med seg opningsmarkeringa. Med spesiallaga berestol og god hjelp av medisinsk utstyr vart han boren opp bakkane til Eintveit og vidare innover til kverna ved tjørna, av sterke karar som veksla med beringa.

Ordføraren i Etne, Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim, deltok i opninga og helsa frå kommunen. Kona til Harald Eintveit, Norunn Marie Eide



Den restaurerte Eintveitkverna.



Gode hjelparar bar Harald Eintveit i ein spesiellaga stol.

Eintveit, heldt opningstalen som Harald hadde skrive, men som han ikkje kunne framføra sjølv. I talen fortalde ho om framdrifta av prosjektet og dei som hadde ytt hjelp og dugnad.

Etter opninga vart vatnet sett på, og dei framømte kunne i tur og orden gå inn i kverna og sjå og smaka på det ferdigmalte mjølet som kom frå korn produsert på Toten.

Etter opningsseremonien ved kverna var det underhaldning hjå naboen på Eintveitlåven. Det var her Harald Eintveit gjennom åra samla konfirmantane til leir med leik og alvor. Åkrafjordtunet serverte graut, og det var songar ved bordsete. Sveinung Bjelland framførte songen "Fjedle" til stor applaus. Under taketalane som følgde etterpå vart det delt ut blommar til fleire som hadde delteke i prosjektet. Den som først og fremst hadde stått for det praktiske arbeidet var Trygve Øvstebø frå Åkra som hadde demontert og

frakta den gamle bygningen til Åkra, bygd han oppatt og fått han frakta til Eintveittjørna med helikopter.

For dei mange framømte som hadde funne vegen til Eintveit denne dagen syntest oppfatninga å vera at det var eit solid og planmessig arbeid som var utført. Både gjennomføringa av prosjektet så vel som opninga tydde på at det var ei solid planlegging som låg bak, og denne hadde lukkast fullt ut. Bygdebladet Grannar hadde ein artikkel i bladet den 6.12.21 der det kom fram at prosjektleiareren og hovudpersonen Harald Eintveit via kona si uttalte seg slik: (Sitat frå Grannar) "Det var ein fantastisk dag og ei verdig avslutning av ein interessant prosess. Eg har inntrykk av at folk har kost seg trass i at det har vore litt kulde i lufta. Eg er takksam for alle som møtte opp – ei kjempeoppleving frå å til å.

Tusen takk skal alle ha!"

Nytt tiltak i trusopplæringa GUDSRIKELEIKEN

Tekst og foto: Berit Stople

Me som driv med trusopplæring vil nå prøve ut noko som kallas Gudsrikeleiken, også kalla **Godlyplay**. Dette er eit godt utprøvd tilbod rundt om i fleire land. Me leikar og undrar oss saman rundt ei bibelforteljing. Me brukar m.a. tre-figurar i forteljinga. Alt me brukar kan borna leike og jobbe med sjølv i etterkant, for å bli meir kjent med forteljinga. Som mange veit er leiken viktig for å kunne lære.

Me starta opp med ei samling i desember for 3 åringar i nokre bygder.



Leik og undring rundt ei bibelforteljing.

Då leika me og undra oss rundt Den Heilage Familie (ei julekrybbe). Me har planar om å bruke denne metoden for ulike

aldersgrupper. Då med andre bibelforteljingar. **Noko av tanken bak Gudsrikeleiken er å kunne leike og undre seg inn i trua.**

Trusopplæring våren 2022

Tekst: Britt Karstensen

Så er me i gong med eit nytt semester, og lurar stadig på kva me må forholde oss til av smitteverntiltak rundt neste sving. Så langt ser det ut til å bli som fylgjer:

Babysongkurset går som normalt, men med ekstra avstand, litt mindre grupper og forsterka smittevern. Om det blir stor pågang så startar me fleire grupper.

Det same gjeld for Skattejakta for 1.klassingane i alle kyrkjene i febr-april. Invitasjonar blir sendt ut via post/epost/skulane.

5.klasseleiren i februar måtte dessverre avlysast. Me håpar på å få til noko anna kjekt for 5.klassingane litt seinare på våren, kanskje kyrkjelydsvis.

Konfirmantarbeidet rullar og går, men også her må me dessverre avlysa fellesleiren på Brandøy der me skulle vore bortimot 100 konfirmantar frå heile Vindafjord i lag. Me jobbar med å få til andre løysingar for at konfirmantane likevel skal få gode opplevingar på kvar sine plassar.

I planane framover ligg m.a.



4-åringar frå Skjold teikna og fekk barnebiblar i kyrkja.

Heime i kyrkja

8. januar blei det 4-åringane i Skjold sin tur!


Borna fekk myldra og undra seg, høyra om Jesus som ville vera i lag med borna, døypa ei dokke og teikna korsteiknet på seg sjølv, pynta kyrkjebakken med eigenproduserte teikningar og ta foreldra med på ei trusvandring i kyrkjerommet, før dei høgtideleg fekk overrekket barnebiblane sine. Til de som det ikkje høvde for den dagen: Ynskjer de biblar til borna dykkar, så har me ei øskje på kyrkje-kontoret i Skjold. Ta kontakt, -kom innom kyrkjekontoret.



BARNAS

Prikk til prikk

Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva skjuler seg her?



– Eg vil kjøpe ein hatt.
– Veit du kva storleik du brukar?
– Nei, men eg tok med hovudet for tryggleiken si skuld.

Vitsar

Finn fem feil!

Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet under? Teikning: Kari Sortland



Ein mann kom inn på ein bensinstasjon og spurde dama bak disken:
– Har du ein sånn bustete og morosam liten figur som eg kan henge på spegelen inni bilen?
Dama ropa til mannen sin som var i verkstaden:
– Lars, det er nokon her som vil kjøpe deg!

Gje barnebladet **BARNAS** til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00





Minneord – Anne Lise

Tekst: Inghart Lasse Tveit
Foto: Grethe Hopland Ravn, Grannar

Det var med stor sorg me fekk melding om at Anne Lise Østrem Mortveit døydde 19. desember etter lang tids sjukdom, 58 år gamal. Ei stor sorg og tap for Sigbjørn, for born og svigerborn og for nær familie elles, men også for alle som i mange ulike samanhengar har hatt med Anne Lise å gjera.

Anne Lise vart tilsett som kyrkjetenar ved Skjold kyrkje i 2004. Ho gjorte også teneste i Vikebygd ved vigslar og gravferder, og var også vikar ved fleire av dei andre kyrkjene i Vindafjord. Ho utførte arbeidet sitt på ein stillferdig måte. Ho viste omsorg for alle – og var t.d. ein trygg og roleg rådgjevar og hjelpear i møte med pårørende i samband med gravferder. Arbeidet var også prega av orden og system. For oss medarbeidarar var ho ein resursperson og miljøskapar som skapte glede og gode samvær i kvardagen og stod på alle måtar for eit godt samarbeid med og mellom kollegaer.

I kyrkjelyden har Anne Lise lagt ned eit stort frivillig arbeid over mange år. Først engasjerte ho seg i søndagsskularbeidet på Isvik bedehus. Deretter var det speidararbeidet



Takk til Anne Lise Østrem Mortveit.

med oppstart for jenter i 1992 som kom til å engasjera mest og der ho la ned eit stort arbeid. (Det høyrer med til saga at det var i speidarsamheng at Anne Lise og Sigbjørn først møtte kvarandre – på leir i Ulladalen i Suldal i 1984). Speidararbeidet vart ein livsstil for Anne Lise og Sigbjørn – ferie var t.d. synonymt med speidarleir. Anne Lise var glad for at ho fekk vera med å feira 50-års jubileet for speidararbeidet i Skjold november. Ho har hatt mykje å seia for mange unge i Skjold og det er rørende å sjå speidarar som stoggar ved grava

hennar på veg heim frå skulen. I 2004 fekk Anne Lise og Sigbjørn saman – og særers velfortent – Vindafjord kommune sin kulturpris for arbeidet sitt. Det var ikkje utan grunn at Anne Lise valde å bli gravlagd i speidaruniform.

Me lyser fred, Guds fred, over Anne Lise sitt gode minne.

Mange undrar seg kanskje over symbolet som er brukt i dette minneordet. Det er eit av fire speidarteikn, som tyder: «Er gått heim». Når ein speidar døyr vert tydinga: «Er gått heim til Gud». Symbolet vert ofte brukt på minnetavler.

Esther L. Åsheim, ny trusopplærar

Tekst: Gunnar Listog

Mange i Skjold kjenner henne som tilsett i barnehagen på Vikaneset, andre som småbrukar på Gaupås i Skjoldastraumen. Nokon veit at ved sida av barnehage-lærarutdanning, er Esther òg utdanna gartnar. Det er med andre ord ei allsidig dame som skal møte born og unge i ulike trusopplæringsaktivitetar, med særleg vekt på arbeid i Vats, Skjold og Vikebygd.


Gler seg

Esther legg ikkje skjul på at ho gler seg til å ta fatt på arbeidet. Mange av borna ho møter, vil nok kjenna henne

att frå barnehagen. No skal dei møte henne i andre settingar. Esther byrjar i arbeidet 6. mars, men alt no har ho byrja å gjera seg kjend med dei ulike trusopplæringsstiltaka i sokna. I kveld (25. januar) er ho t.d. innoom speidarane i Vats.

Allsidig

I yrkessamheng har Esther mange års erfaring med pedagogisk arbeid med born i alderen 0 – 6 år. På fritida har ho mellom anna drive barnekor, og ho har hatt musikk/gym-samlingar for born i barnehagealder. Familien har òg i ei årrekke hatt konfirmantgrupper heime hjå seg. Alle i familien likar friluftsliv.



Esther L. Åsheim.

Kvar kan du møte Esther?

Dersom korona-restriksjonane etter kvart vert færre, vil du møte Esther på mange arenaer i kyrkja, t.d. på gudstenester og på samlingar for ulike alderssteg. Det er viktig for Esther å bli kjend med arbeidet i kyrkjelydane, så ta gjerne kontakt med henne. Då er det berre å gle seg!

Diakoni og pandemi

Tekst: Inge Mørland
Foto: Mette Brandt

– Vi må ikkje gjera det så innvikla å vera eit medmenneske, meiner Hanne Marie Engdal som jobbar som diakon ved Sjømannskyrkja på Gran Canaria.

Å vera diakon under ein pandemi har endra arbeidskvardagen til Hanne Marie Engdal.

– Men anten eg møter ein eller ti, er det jo sjølve møtet som er viktig. Eg får betre tid til å vera saman med dei som treng støtte og hjelp. Det vert opplevd veldig godt oppi alt.

– Diakon og diakoni er framleis framandord for mange?

– Diakoni vert ofte definert som kyrkja si omsorgsteneste. Det handlar om å møte alle menneskje der dei er i livet, med nestekjærleik, respekt og likeverd.

– Så diakoni handlar ikkje om at dei sterke skal hjelpa dei svake?

– Nei. Det er ei feiltolkning å tenkja at eg som diakon alltid er den sterke og tøffe som taklar alt. Nokre gonger treng vi alle råd og vegleiing, andre gonger treng nokre av oss mat, klede, ein klem eller hjelp til å prøva å få livet inn på eit godt spor.

Utfordrande sosialsaker

Før Hanne Marie Engdal flytta til Gran Canaria i fjor, jobba ho 15 år som diakon i Noreg.

– Er det stor forskjell på vera diakon i Spania samanlikna med Noreg?

– Ja, eigentleg. I Noreg er det eit heilt opplegg for alle eventualitetar av det menneskje slit med. Det finnes sjølv sagt eit spansk helsevesen her, men ting blir ofte mykje meir komplisert når ein er i utlandet, med andre reglar og ulike rettar. Språkbarrierar er også eit hinder for mange til å kunna nyttiggjera seg av de lokale hjelpetil-taka.

– Er det noko som er likt?

– Folk treng jo den same omsorga uansett kor dei er i verda. Det folk slit med heime, slit folk med her også. Det er sorg, rus, einsemd, sjukdom og utanforskap.



Hanne Marie Engdal er diakon ved Sjømannskyrkja på Gran Canaria.

Sjømannskirken – Norsk kirke i utlandet

- Sjølvstendig og frivillig organisasjon for nordmenn i utlandet
- Gjev omsorg, trygghet og fellesskap til nordmenn i utlandet
- 28 kyrkjer over heile verda
- Meir enn 20 omreisande medarbeidarar med heile verda som nedslagsfelt
- Er til for alle nordmenn - uansett livssyn og bakgrunn.

– Kva for saker er mest krevjande?

– Vi blir involvert i mange såkalla sosialsaker som er utfordrande. Dei tyngste og mest komplekse sakene har samanheng med rus, psykiatri og omsorgssvikt. Men barn, små barn, som opplever omsorgssvikt i et framand land, gjer spesielt inntrykk på meg. Det er ille i Norge også, men her har dei ofte ikkje noko nettverk, bortsett frå Sjømannskyrkja. Det er tøft, seier ho og legg til at Sjømannskyrkja har kompetanse på å møte menneskje i vanskelege livssituasjonar, i sjelesorg og sorgarbeid. I tillegg til eit godt samarbeid med andre hjelpeinstansar.

Heimlause nordmenn

– Hender det at du må ut og leite etter nordmenn?

– Det skjer innimellom, men det er viktig for meg å respektera menneske sin frie vilje. Eg møter nordmenn som har valt å leva som heimlause her. Nokre av dei har vakse opp med rus og overgrep, og mangel på at nokon har tatt tak i liva deira som små. Deira handlingsmønster og referanserammer for kva som er eit bra liv er så veldig annleis enn mitt. Det kan tilsynelatande virka enkelt å vera uteliggjar her. Dei slepp å frysa og de mottek mat frå ulike stader. Kven er eg då som skal seia at dei ikkje kan leva det livet dei lever? Men det er klart at når dei mistar bankkortet, når trygda ikkje kjem, eller når dei blir sjuke, då blir det frykteleg komplisert å vera heimlaus og norsk på Gran Canaria.

– Kva gjer du då?

– Eg prøver å setja dei i stand til å ikkje berre vera hjelpetrengjande, men å handla sjølv. Til å ta ansvar og mynda over eige liv. Ofte skulle eg ønskja at eg kunne ta vala for dei, setja dei på eit fly og få dei inn i eit system heime i Noreg. Men eg kan ikkje fråta vaksne menneskje dei valmoglegheiter dei har. Så sant dei ikkje er så dårlege at dei er ute av stand til å ta det valet sjølv. Eg prøver å vera saman med dei og støtta dei i ein vanskeleg situasjon.

Ver eit medmenneske

– Kva er ditt beste tips til korleis vi kan leva litt meir, kva skal eg sei, diakonalt i kvardagen?

– Ikkje sett deg sjølv i sentrum og prøv å sjå ting ut frå perspektivet til det menneskje du treff.

– Det er kanskje lettare sagt enn gjort?

– Nei då. Vi må ikkje gjera det så innvikla å vera eit medmenneske. Forsking viser at noko av det viktigaste for oss menneskje er å bli sett og høyrte. Ingen av oss er perfekte, vi har alle våre feil og manglar, men vi kan likevel vera der for kvarandre og skapa gode fellesskap. Du kan jo sjeldan gjera noko gale om du gjev nokon eit smil, ein klapp på skuldra eller ringjer og spør: «korleis har du det?»

Reportasjen er ein forkorta versjon av en reportasje som stod i Sjømannskyrkja sitt magasin HJEM nr.1/21

Snart tid for bispevisitas

Tekst: Harald Helberg

I veke 10 er biskop Anne Lise Ådnøy på visitas i Vikedal, Imsland, Sandeid, Ølen og Bjoa. Sokneråda ser fram til å møte biskopen og hennar stab, og vil oppmoda kyrkjelydane til å nytta høvet til å møte henne også på gudstenester og andre opne arrangement.

Ein bispevisitas har fleire føremål. Det er ei av biskopen sine viktigaste oppgåver å vitja sokna, kyrkjelydane, tilsette og frivillige. Dette for å oppmuntra, inspirera og gje innspel og nye utfordringar framover. For kyrkjelydane er det fint å få treffa biskopen for å fortelja om arbeidet og utfordringane i sokna. For dei tilsette er det også eit høve til å fortelja om arbeidet i den lokale kyrkja. Biskopen fører tilsyn, anten ein jobbar som prest eller har andre oppgåver i kyrkja..

Under ein bispevisitas er det mykje program som skal gjennomførast. I Vikedal kyrkje blir det visitasgudsteneste søndag 6. mars kl. 11.00. I Imsland blir det vandring på Ørevikvegen og bøn for bygdene. Arrangementet finn stad onsdag 9. mars kl. 13.30 til 14.30. Det blir oppmøte og moglegheit til parkering på tunet rett ved innkøringa til Ørevikvegen. Dersom det kjem mange bilar kan



Biskop Anne Lise Ådnøy (Foto: Marie von Krogh / Stavanger bispedømme).

det hende nokon må parkere ved Imsland kyrkje. På kvelden same dag (9. mars) blir det minikonserert i Vikedal kyrkje kl. 18.00. Alle velkomne.

Ølen og Bjoa sokneråd ønskjer å invitera til ein open konsert i Ølen kyrkje torsdag 10. mars kl. 20.00 og i samband med det ein fest for frivillige i kyrkjelyden.

Vidare blir det soknerådsmøte for alle sokna, møte med fellesrådet, samtale med kvar enkelt tilsett, bedriftsbesøk og møte med skule- og

kommuneleiinga.

Visitasen blir avslutta med visitasgudstenesta i Ølen og Bjoa sokn og finn stad 13. mars kl. 11.00. Etter denne visitasgudstenesta vil Biskopen gi si tilbakemelding til sokna i visitasforedraget, samtidig som det er kyrkjekaffi på Kyrkjjetunet. Forhåpentlegvis blir arrangementa gjennomført som planlagt. Følg med på annonser og oppdateringar på kyrkja si nettsid: www.vindafjord.kyrkjer.no/

Då dei kom heim frå ein av turane sine, snakka mora med sonen angående bussreisa. Ho sa at neste gong dei skulle reise med bussen og han såg noko han ville snakka om, måtte han vente til dei kom heim att.

Neste turen kom, og guten fekk auge på ein «rar» passasjer. Då snudde han seg til mora og sa med høg og tydeleg røyst: «Mamma, han der skal me snakka om når me kjem heim!»

Ragnhild Nordtveit utfordrar Olav Velde til å bidra med ei historie i neste utgåve av Hyrdingen.

Då lo eg...

Ragnhild Nordtveit bur i Blikrabygda i Vats, og er pensjonist. Ho fortel at før ho blei pensjonist arbeidde ho på dagsentera i Ølen og Vats. Der fann ho ei bok med mange små, humoristiske historier som ho fortalde til brukarane. Her kjem ei av historiene:

Mora i ein familie hadde rett som det var ærend til byen og då reiste ho med bussen. Minsteguten hennar fekk oftast vere med til byen, og bussturen var eit eventyr for den vesle karen. Han såg så mange rare folk som kom om bord på bussen, og det måtte han snakka med mora si om, med ein gong og litt høgrøysta.



Ragnhild Nordtveit

Julefeiring i kyrkja 2021

Tekst: Ingrid M Sørvåg

Jula vart markert med fleire tilpassa samlingar i kyrkjene, før jul og på julaftan, men også desse med restriksjonar.

Me skulle inn i den andre «koronajula», og førebuingane til julekonsertar, skulegudstenester og adventssamlingar starta rundt om i bygdene våre. Me såg fram til ein travel desember, med gode møte med songar, menneske og julebodskaper. Men i starten av desember kom det nye reglar, og me måtte avlysa det meste av det som var planlagt.

Dei små skulane kunne ha skulegudstenester. Kristian Kyllingstad og elevane på Vik skule sette sitt preg på samlinga 21. desember.

Julaftan blei det gudstenester i alle kyrkjene, men ikkje med stappfulle kyrkjer slik me er vane med. Det var



Småskulen ved Vik skule.

plass til 50 på kvar gudsteneste, og prestane hadde fleire gudstenester i kvar kyrkje.

Mange valde nok å bli heime, då kunne ein mellom anna vera med på

gudsteneste frå Nidarosdomen. Dei som kom til kyrkja, fekk ei litt annleis gudsteneste enn ei vanleg julaftan. Me brukte munnbind, sat på tilviste plassar og smittevern var absolutt ein del av fokuset. I Vikebygd spela Arne Tveit og Helge Veastad orgel og elgitar, «Det lyser i stille grender» var rett og slett magisk.

Jesusbarnet i krybba var på plass, dette barnet er blitt døypt av 4-åringane når dei var på samling om hausten. Englane som heng framme i Vikebygd kyrkje er lagde av 5. og 6. klassingar på «LysVaken-samlinga».

Brørne Sindre og Vegard Skartland bidrog med songen «Tenke på en venn», som er ei perle av ein julesong og som er ny for mange av oss. Presten, Kristian Kyllingstad, tok fram kornetten og vart med på: «Deilig er Jorden», som postludium. Flott å få lov å syngja denne songen på julaftan!

Fasteaksjonen 3.–5. april

Informasjon ved Ingrid M. Sørvåg

Håp i ein dråpe vatn

To veker før påske går rundt 40.000 frivillige bøsseberarar frå 1200 norske kyrkjelydar frå dør til dør over heile landet og samlar inn pengar til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid. I skrivande stund veit me ikkje om det blir mogleg å gå frå dør til dør, eller om me må vere kreative og finne andre måtar å samle inn i år også.

Millionar av menneske vil oppleve ei akutt krise i 2022. I Burkina Faso er 1,5 millionar menneske på flukt i eige land. I Afghanistan vil 24 millionar menneske trenge humanitær hjelp. Akkurat no er det akutt tørke i Somalia, og i Sør Sudan har mange blitt akutt sjuke etter flaum. Det er viktigare enn nokon gong å vere til stades med naudhjelp.

Noregs nest største aksjon

Fasteaksjonen er ein tradisjon som strekkjer seg langt tilbake i tid. For over 50 år sidan bestemte kyrkjelydane i Noreg seg for å ha ein årleg

innsamlingsaksjon til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid. Fasteaksjonen er i dag den nest største innsamlingsaksjonen i Norge, etter TV-aksjonen. Aksjonen er lagt i ei tid av kyrkjeåret som heiter fastetida.

Fasten varer i 40 dagar frå askeonsdag, men sjølv Fasteaksjonen blir arrangert over heile landet søndag 3.april til tysdag 5.april. For kvar krone som er samla inn kan me hjelpe dei som treng det aller mest.

2020 og 2021 var unntaksår, men dei siste åra før dette har innsamlingsresultatet frå Fasteaksjonen årleg vore rundt 35 millionar kroner. Dette er svært viktige middel for å sikra livsviktig hjelp. Då koronaepidemien ramma verda i 2020, kunne Kirkens Nødhjelp bruke av innsamla pengar til å setje i gang koronatiltak i meir enn 20 land. KN kunne også få med andre store aktørar i Noreg og ute i verda til å støtte arbeidet. Kvar krone me samlar inn er helt avgjerande for at KN kan setje igang store

nødhjelpsoperasjonar når katastrofar hender, og til å skalere opp arbeidet til dei som treng det aller mest.

Meir enn pengar

Fasteaksjonen handlar om meir enn å samla inn pengar. Kvart år blir også søkelyset sett på nokre av dei grunnleggjande årsakene til fattigdom og konflikt, og korleis me kan bidra til å gjere verda til ein meir rettferdig stad å leve. Fattigdom og urettferd er skapt av menneske.



Foto: Kirkens Nødhjelp



Familiespeiding Skjold/vikebygd

Tekst: Redaktøren / frå webinfo
Foto: Iselin Eidhammer Tveit

Biletet på framsida og her er frå aktivitet i familiespeidargruppa. Dette er familiespeiding for familiar av ulikt slag, med eller uten speidarerfaring, i Skjold, Vikebygd og bygdene rundt.

Familiespeiding er speiding for heile familien, liten og stor. Me er ute i nærmiljøet i all slags vær, til dømes i skogen, i fjæra, på fjellet, i kyrkja eller på garden. På familiespeiding har me fokus på friluftsliv, fellesskap og utvikling. På kvart møte blir det ein felles aktivitet, matlaging og ein andakt- og sjølvstekt mykje leik og moro! Familiespeiding er eit felles tilbod for alle familiar i Skjold og Vikebygd, og elles andre som måtte ynskja å vera med. Me tar sikte på å ha møte ein søndag i månadan.

Har du lyst å bli med oss?
Sjå meir informasjon på:
facebook.com/familiespeiding/

Stort behov for fleire fosterheimar

Tekst: Tove Marie Sortland, Stavanger bispedømme
(utdrag)

I Rogaland ventar over 80 barn på å få ein ny og trygg heim. Borna er ulike og derfor trengst det også forskjellige typar fosterheimar. Kanskje noko å tenkja på for din familie?


- Eg ville ikkje ha bytt med nokon, fortel fostermor «Ingebjørg» (68). Ho og familien har vore fosterheim sidan 1993.
- Vi kjende at vi ville rekka ut ei hand og gje omsorg til barn som har det vanskeleg. Det å få sjå akkurat det barnet som treng det og vera med det vidare på reisa – eg ville ikkje vore det forutan. Trass både utfordringar og nedturar. Eg har lært meg sjølv å kjenna og har blitt sterk, fortel Ingebjørg.

Den kristne trua hennar har også vore ei god støtte i eit både gjevande og krevjande arbeid.
– Det er så meningsfullt å få vera med å løfta nokon opp på den måten. Å leita etter alt det positive som ligg klart i barnet, som du kan vera med å henta fram. Å få vera med når dei meistarar. Er ein tolmogig, raus og toler litt, så får ein tifold igjen. Gleda du opplever når du rosar barnet, lyttar til det og går saman med det – det er så utruleg verdifullt.

Kan du hjelpe et barn eller en ungdom som trenger et trygt hjem? Nå er det behov for flere fosterhjem i ditt nærområde.

Den norske kirke samarbeider med Fosterhjems-tjenesten i Stavanger og Haugesund om å finne fosterhjem. Mer informasjon om fosterhjem på fosterhjem.no

GRAVSTEIN



Se vår store utstilling, eller ring og be om katalog.

www.skattkjaer.no

Skattkjær Skiferindustri as

Ørpetveitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

LUNDENESET VGS
- en kristen internatskole i Ølensvåg

Vi tilbyr

- IT og medieproduksjon
- Salg, service og reiseliv
- Studiespesialisering
- Påbygging til generell studiekompetanse

Les mer på www.lvs.no

Knapphus Bil

5576 Øvre Vats Tlf. 95 10 55 76

Knapphus Dekk & Bilverksted

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12

SpareBank 1 SR-BANK

Haugesund Sparebank

BLOMAR TIL GRAVFERD

Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei, eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.

Ølen Blomster

Tlf. 53 76 88 35 • www.olensenter.no



joker

Vikebygd Landhandel AS

Tlf. 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01 - joker.vikebygd@ngbutikk.net

Ølen Betong

Tlf. 5377 5200 - www.olenbetong.no

Ølen auto

tsrevisjon

Autorisert regnskapsførerselskap

www.tsrevisjon.no
Karmsundsgata 4 • 4250 Kopervik

GRANBERG GARVERI AS

Bjoavegen 187 - 5582 Ølensvåg
Tlf. 52 76 50 00 www.granberggarveri.no

Betalingsfritak trusopplæring

Av kateket Britt Karstensen

Kyrkja kan nok ikkje hjelpa folk med straumrekninga i vinter, men me ynskjer ikkje at økonomiske bekymringar skal halda born og unge vekke frå arrangement. Me har difor gjort det litt enklare å be om betalingsfritak for alle breiddetilakt i trusopplæringa som kyrkja arrangerer for ulike aldersgrupper (t.d. babysong, Skattejakt, Lys Vaken, Konfirmasjon...).

På nettsida til kyrkjene i Vindafjord er det no muleg å registrera betalingsfritak utan å ta kontakt med ein tilsett først. Der kan ein anten kryssa av for fritak for eit einskilt tiltak/arrangement, eller ein kan velja betalingsfritak for ein 5 -årsperiode for barnet sitt.

Me ynskjer alle born velkomne på trusopplæringstiltaka i kyrkja!

Dato	Tid	Stad/kyrkje	Informasjon – sjå kunngjering av endringar på vindafjord.kyrkjer.no	Bibeltekst
13.02	11:00	Vikedal kyrkje	Temagudsteneste, Nattverd, Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	5 Mos 6,1-9
13.02	11:00	Ølen kyrkje	Gudsteneste, Nattverd, Takkoffer: Sjømannskyrkja, Besøk av Sjømannskyrkja	
13.02	11:00	Skjold kyrkje	Gudsteneste, Takkoffer: Trusopplæring i Skjold, Vats og Vikebygd,	
20.02	11:00	Sandeid kyrkje	Gudsteneste, Nattverd, Takkoffer	Luk 9,28-36
20.02	11:00	Vats kyrkje	Gudsteneste, Takkoffer: Søndagsskolen (Haugal./Sunnh.krins)	
27.02	11:00	Imsland kyrkje	Gudsteneste, Nattverd, Takkoffer, Fastelavnssøndag	Luk 18,31-34
27.02	11:00	Ølen kyrkje	Gudsteneste, Nattverd, Takkoffer: Bibelselskapet. Kyrkjelyden sitt årsmøte	
27.02	11:00	Skjold kyrkje	Gudsteneste, Takkoffer: Det Norske Misjonsselskap,	
06.03	11:00	Vikedal kyrkje	Visitagudsteneste, Nattverd, Takkoffer	Matt 26,36-45
06.03	11:00	Vats kyrkje	Gudsteneste, Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	
13.03	11:00	Ølen kyrkje	"Visitagudsteneste, Nattverd, Takkoffer: Misjonsprosjektet. Delt.: Biskop Anne Lise Ådnøy, prost Rune S. Engedal, kateket Britt Karstensen. Kyrkjekaffi og visitasforedrag på Kyrkjetunet etter gudstenesta."	Luk 13,22-30
13.03	11:00	Sandeid kyrkje	Gudsteneste, Nattverd, Takkoffer, (Avslutning av visitas i Ølen etter gudst.)	
13.03	11:00	Skjold kyrkje	Familiegudsteneste, Skattejaktgudst., Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	
20.03	11:00	Vikedal kyrkje	Familiegudsteneste, Nattverd, Skattejaktgudst., Takkoffer: Trusopplæring i Vindafjord	Luk 22,28-34
20.03	11:00	Vikebygd kyrkje	Familiegudsteneste, Skattejaktgudst., Takkoffer: Kirkens Nødhjelp	
20.03	17:00	Bjoa kyrkje	Familiegudsteneste, Nattverd, Skattejaktgudst., Takkoffer: Hyrdingen	
27.03	11:00	Imsland kyrkje	Gudsteneste, Nattverd, Skattejaktgudst., Takkoffer	Luk 1,39-45
27.03	11:00	Skjold kyrkje	"Gudsteneste, Takkoffer: Kristen Idrettskontakt - KRIK Felles for: Skjold, Vats og Vikebygd"	
27.03	18:00	Ølen kyrkje	Gudsteneste, Ung Messe, Takkoffer: Misjonsprosjektet	
03.04	11:00	Sandeid kyrkje	Gudsteneste, Nattverd, Skattejaktgudst., Takkoffer	Joh 6,24-36
03.04	11:00	Vikebygd kyrkje	Gudsteneste, Nattverd, Takkoffer: Misjonsprosjektet,	
03.04	17:00	Ølen kyrkje	Familiegudsteneste, Nattverd, Skattejaktgudst., Takkoffer: Hyrdingen	

Felles gudstenester for Skjold, Vats og Vikebygd

Gudstenesteutvalet planlegg felles gudstenester for kyrkjelydane våre på fylgjande sundagar:

27. mars og 22. mai i Skjold,

med song- og musikkinnslag.

Borna har eige program under preika.

12. juni i Vats.

Denne blir friluftsgudsteneste på Refsnes.

Tema for desse 3 gudstenestene blir kyrkjelyden:

1. Kva er ein kyrkjelyd? 2. Eit levande fellesskap. 3. Eit veksande fellesskap.

Vik. sokneprest Sigfred Sørensen blir med

på alle 3 gudstenester. Det er godt å få vera

saman i litt større fellesskap når kyrkjelivet nå ser ut til å opnast meir igjen! Vi ynskjer folk frå alle bygdene velkomen til gilde samlingar! Vel møtt. Styret.

Innbjoa Bedehus

Bønne møte kvar måndag

kl. 18.30, og kvar onsdag kl. 11.00.

Formiddagstreff:

17/2, 17/3, 21/4 og 19/5.

Mini-Credo og Credo:

Datoar vil bli kunngjort på Facebook og plakatar lokalt.

Brandøy Misjons- og konferansesenter

Leirar våren 2022

25.-27. februar: Brandøytreff

18.-20. mars: Juniorhelg med følgje (4-9 år med følgje)

25.-27. mars: Tweenweekend (5.-7. klasse)

8.-12. april: Påskefestival (8. klasse +)

25.-28. april: Vårtreff

24.-26. juni: Sommarleir (5.-7. klasse)

27.-29. juni: Sommarminileir (2.-4. klasse)

1.-5. juli: Familieleir

Informasjon og påmelding på

www.indremisjonssamskipnaden.no

Kyrkjetunet i Ølen

Følg elles med på: www.kyrkjetunet.no og Facebook-sida

10.02.	torsdag	17:30	Vindafjord Soul Kids (5-10 år)
10.02.	torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
12.02.	laurdag	11:00	Vindafjord Soul Children (5.-10. klasse)
17.02.	torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
18.02.	fredag	18:00	Bønne møte - Fellesskap på tvers
18.02.	fredag	19:30	Fellesskap på tvers
20.02.	søndag	11:00	Søndagssamling for heile familien
23.02.	onsdag	19:00	Årsmøte, Kyrkjetunet
24.02.	torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
24.02.	torsdag	17:30	Vindafjord Soul Kids (5-10 år)
03.03.	torsdag	11:00	Torsdagstreff
06.03.	søndag	19:30	Søndagsmøte v/Eirik Stensland
10.03.	torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
10.03.	torsdag	17:30	Vindafjord Soul Kids (5-10 år)
10.03.	torsdag	18:30	Frivilligfest bispevisitas
17.03.	torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
17.03.	torsdag	19:00	Fellesforum
18.03.	fredag	18:00	Bønne møte - Fellesskap på tvers
18.03.	fredag	19:30	Fellesskap på tvers
20.03.	søndag	11:00	Søndagssamling for heile familien
24.03.	torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
24.03.	torsdag	17:30	Vindafjord Soul Kids (5-10 år)
26.03.	laurdag	11:00	Vindafjord Soul Children (5.-10. klasse)
31.03.	torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
31.03.	torsdag	19:30	Påskemøte
01.04.	fredag	18:00	Bønne møte - Fellesskap på tvers
01.04.	fredag	19:30	Fellesskap på tvers
07.04.	torsdag	11:00	Torsdagstreff
07.04.	torsdag	17:30	Internasjonalt treffpunkt
07.04.	torsdag	17:30	Vindafjord Soul Kids (5-10 år)
14.04.	torsdag		Skjertorsdagskvelds

Bedehusa i Skjold

15.02.	tysdag	19:00	Ersland bedehus. Samemisjonen
17.02.	torsdag	19:00	Ersland bedehus. Bønne møte
22.02.	tysdag	19:00	Austrheim bedehus. Godt Nytt
23.02.	ons	19:00	Ersland bedehus. Årsmøte
01.03.	tysdag	19:00	Isvik bedehus. NMS Misjonsselskapet
03.03.	torsdag	19:00	Ersland bedehus. Bønne møte
08.03.	tysdag	19:00	Ersland bedehus. NMS Misjonsselskapet
10.03.	torsdag	19:00	Isvik bedehus. Basar / Årsmøte
15.03.	tysdag	19:00	Austrheim bedehus. NMS Misjonsselskapet
22.03.	tysdag	19:00	Isvik bedehus. NLM Misjonssamband
29.03.	tysdag	19:00	Ersland bedehus. NLM Misjonssamband
31.03.	torsdag	19:00	Ersland bedehus. Bønne møte
05.04.	tysdag	19:00	Austrheim bedehus. Indre Sjømannsmisjon
19.04.	tysdag	19:00	Isvik bedehus. NLM Misjonssamband
21.04.	torsdag	19:00	Ersland bedehus. Bønne møte
26.04.	tysdag	19:00	Ersland bedehus. Lys over Land

Vikebygd bedehus

24.02.	torsdag	19:30	Møte. Den indre sjømannsmisjonen v/ Georg Kallevåg
10.03.	torsdag	19:30	Møte. Besøk av Inger Astrid Nagel-Alne
26.03.	laurdag	15:00	Full pakke! Middag, basar, årsmøte, andakt og god drøs
21.04.	torsdag	19:30	Påskegladsong

Vågen bedehus

www.vaagenbedehus.no

11.02.	fredag	19:30	Lofet
13.02.	søndag	11:00	"Storsamling med søndagsskule, Stad: Bygdasenteret. Talar: Georg Mork"
15.02.	tirsdag	17:30	Jentelag og gutelag, 1.-4. klasse. Bedehuset/Bygdasenteret.
16.02.	tirsdag	19:30	Tweens, 5.-9. klasse
16.02.	onsdag	19:30	Bønne møte
23.02.	onsdag	19:30	Årsmøte for bedehuset
27.02.	søndag	11:00	Storsamling med søndagsskule, Stad: Bygdasenteret. Talar: Preben Solvang
02.03.	onsdag	19:30	Bønne møte
08.03.	tirsdag	19:30	Møte - Misjon Sarepta, Talar: Even Ydstebø
09.03.	onsdag	19:30	Møte - Misjon Sarepta, Talar: Even Ydstebø
10.03.	torsdag	19:30	Møte - Misjon Sarepta, Talar: Even Ydstebø
11.03.	fredag	19:30	Lofet
13.03.	søndag	11:00	Storsamling med søndagsskule, Stad: Bygdasenteret. Talar: Kolbjørn Bø
15.03.	tirsdag	17:30	Jentelag og gutelag, 1.-4. klasse. Bedehuset/Bygdasenteret.
15.03.	tirsdag	19:30	Tweens, 5.-9. klasse
16.03.	onsdag	19:30	Bønne møte
19.03.	lørdag	15:00	Basar Ølensvåg Kvinneforening IMS
23.03.	onsdag	19:30	Bønne møte
25.03.	fredag	19:30	Lofet
25.03.	fredag	19:30	Møte, Talar: Preben Solvang
26.03.	lørdag	17:00	Generasjonssamling, Stad: Bygdasenteret. Talar: Preben Solvang. Tema: Misjon
27.03.	søndag	11:00	Storsamling med søndagsskule, Stad: Bygdasenteret. Talar: Preben Solvang
29.03.	tirsdag	17:30	Jentelag og gutelag, 1.-4. klasse. Bedehuset/Bygdasenteret.
29.03.	tirsdag	19:30	Tweens, 5.-9. klasse
30.03.	onsdag	19:30	Bønne møte
05.04.	tirsdag	17:30	Gutelagsbasar
05.04.	tirsdag	19:30	Tweens, 5.-9. klasse
06.04.	onsdag	19:30	Bønne møte
10.04.	søndag	11:00	Storsamling med søndagsskule, Stad: Bygdasenteret. Talar: Marit H. Ådnanes

Bedehusa i Vats

15.02.	tysdag	17:30-19:00	Kårhus bedehus: Sprell Levande (søndagsskule-samling)
16.02.	onsdag	19:00	Øvre Vats bedehus: Indre Sjø
23.02.	onsdag	19:00	Blikrabygda bedehus: NLM
02.03.	onsdag	19:00	Kårhus bedehus: Indre Sjø
09.03.	onsdag	19:00	Øvre Vats bedehus: Normisjon
16.03.	onsdag	19:00	Blikrabygda bedehus: NMS
23.03.	onsdag	19:00	Kårhus bedehus: Indre Sjø
30.03.	onsdag	19:00	Øvre Vats bedehus: Godt Nytt
06.04.	onsdag	19:00	Blikrabygda bedehus: Flymisjon
13.04.	onsdag	19:30	Kårhus bedehus: Sarepta
15.05.	fredag	19:00	Kyrkja: Via Dolorosa

FRÅ KYRKJEBOKA

	Døyppte	Døde	Vigde
Ølen	28.11. Elias Vetrhus Engenes	09.11. Johanne Marie Ronæs Heggebø f. 1940 14.11. Bård Arne Lunde f. 1958 19.11. Solveig Rønstad f. 1966 19.11. Olaf Magdalon Øvrevik f. 1927 24.11. Gudmund Bertin Opstvedt f. 1928 01.01. Arvid Ragnar Solvang f. 1952	28.11. Elias Vetrhus Engenes
Skjold	14.11. Anna Olivia Velde Kvamme 14.11. Tore Urdal Mortveit 09.01. Sissel Mortveit	24.10. Bjarne Ansgar Hatlestad f. 1954 27.11. Rutt Sørhus f. 1928 17.12. Sonja Olene Risanger f. 1944 19.12. Anne Lise Østrem Mortveit f. 1963	18.12. Annhild Mortveit og Sveinung Sundfør
Vats		12.12. Sigmund Krakk f. 1942 29.12. Solveig Elisabet Eidhammer f. 1916	
Vikedal	14.11. Live Halleraker 14.11. Ole-Martin Vikdal		14.11. Live Halleraker 14.11. Ole-Martin Vikdal
Bjoa		03.12. Beathe Marie Mitchell f. 1944 11.12. Åge S. Mogen f. 1946 12.12. Aasta Hjellevstad f. 1932	



Speidarane i dag.

Speiding i Skjold gjennom 50 år

Tekst: Gunnar Listog
Foto: speidarforeldre

20. november 2021 var det stor jubileumsmarkering for speidararbeidet i Skjold. Då var det nokså nøyaktig 50 år sidan Kjell Kalstveit starta opp KFUM-speidararbeid her i bygda etter initiativ frå KFUM sitt kretsstyre ved Karl Johan Stensland.

26. november 1971 vart 19 gutar tekne opp som speidarar på Austrheim bedehus. Framleis er to av dei aktive her i bygda: Sigbjørn Mortveit og Inghart Lasse Tveit. I dag er det om lag 100 små og store speidarar her i Skjold, og heldigvis om lag like mange jenter (KFUK-speidarar) som gutar (KFUM-speidarar).

Jubileumsfest i Skjold kyrkje
På ettermiddagen fyltest kyrkja med speidarar, foreldre, «gamle speidar-



Noregs beste speidartropp i 1990.



Anne Lise og Sigbjørn fekk 50 roser gjevne av 50 speidarar.

veteranar» og innbedne gjester til jubileumsfest. Då var det plass til speidaropptak, leiaropptak og underholdning m.a. av den kjende lokale rockegruppa «Bella Bedford» og gamle speidarsketsjar spela av m.a. Lars Koltveit og Annhild Mortveit Sundfør.

Mange ynskte òg å seia nokre ord til den livskraftige jubilanten, og det vanka gåver, m.a. frå speidargruppa i Vats, Tveit regnskap, Skjold sokneråd og Vindafjord kommune.

Sterkast inntrykk gjorde det då 50 speidarar gav kvar si rose til Anne Lise og Sigbjørn Mortveit. Eit sterkt bilete på ei stor gjerning til nytte og glede for mange born og unge!

Om kvelden heldt festen fram for dei vaksne, og mange «speidarveteranar» gratulerte jubilanten. Det som gjekk att, var glede over at speidaren var blitt ein viktig del av oppveksten: Naturglede, praktisk kunnskap som det å bruke øks og kniv, setje opp telt, leiartrening, ta vare på kvarandre og gudsordet som dei fekk med seg på kvart møte. Kåseriet til Nils Olav Østrem illustrerte alt dette.

Gode, gamle speidarsketsjar og visning av gamle bilete og filmar frå tidlegare leirar vart det og plass til, likeså god mat, kaffi og kake.

Ei verdig markering av ein sprek og livskraftig 50-åring!

Andaktstelefonen
380 91700
Åpent bele døgnet!
Ny andakt tirsdag og fredag
Tjenesten er gratis

Korleis har du det...
EIGENTLEG?
Eit menneske å snakke med
når livet er som verst
SOS-Chat: www.soschat.no
 Kirkens SOS
22 40 00 40
SOS-melding: www.kirkens-sos.no

Neste nummer av Hyrdingen
kjem ut 7. april.
Frist for levering av stoff:
7. mars.